Interkommunalt selskap

Fylkeskommunenes landssamarbeid

# Eksamen

28.11.2018

LBR3003 Gardsdrift / Gårdsdrift

**Programområde:** Landbruk

Nynorsk/Bokmål

# Nynorsk

| **Eksamensinformasjon** | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timar. |
| **Hjelpemiddel** | Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre. |
| **Bruk av kjelder** | Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.<br><br>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Informasjon om vurderinga** | Kvar eksamensprestasjon blir vurdert for seg.<br>Det blir lagt vekt på i kva grad du har nådd måla i læreplanen, og korleis du bruker faglege kunnskapar og ferdigheiter.<br><br>Dette betyr at det blir lagt vekt på at du:<br>- trekkjer inn kunnskap du har tileigna deg i faget<br>- bruker sentrale omgrep i faget<br>- unngår rein reproduksjon av kunnskapar<br>- unngår rein avskrift frå kjelder<br>- presiserer kva som ligg i omgrepa der du finn det nødvendig<br>- trekkjer linjer og ser samanhengar<br>- er kritisk til stoffet og gjer rimelege avgrensingar<br>- drøfter eller vurderer dei forskjellige momenta du trekkjer inn i svaret<br>- har breidde og perspektiv over svaret ditt, og er ryddig og strukturert, så det er lett å følgje resonnementa dine<br><br>Kjenneteikn for låg kompetanse: reprodusere og gjenta<br>Kjenneteikn for god kompetanse: forstå, forklare og bruke<br>Kjenneteikn for mykje god kompetanse: vurdere og evaluere |

## Oppgåve 1 - Økonomiske omgrep

a) Kva meiner vi med omgrepet variable kostnadar?
b) Kva meiner vi med omgrepet faste kostnadar?
c) Kva er forskjellen på ein inntekt og ei innbetaling?
d) Kva meiner vi med omgrepet produktivitet?
e) Kva meiner vi med omgrepet likviditet?
f) Kva er dekningsbidrag?
g) Kva meiner vi med rekneskap, kva blir han brukt til og kvifor er det det viktig å føre ein nøyaktig rekneskap?

## Oppgåve 2 – Forsikringar i landbruket

Maskinparken på ein gard består av: 2016 modell traktor m/frontlastar, 2009 modell traktor m/frontlastar, 2003 modell traktor m/fronthydraulikk, 1972 modell traktor og 2012 modell skurtreskar.

a) Ta for deg kvar enkelt av desse, og gjer ei vurdering. Kva slags forsikringar må du ha, og kva for forsikringar er aktuelle i tillegg?
b) For øvrig er det reiskapar, varelager og fastmontert inventar i driftsbygningane på garden. Kva slags forsikring dekkjer desse verdiane?
c) Forklar kva avbrotsforsikringa dekkjer og kvifor ho er viktig.
d) Kva for personlege forsikringar er det viktig for bonden som sjølvstendig næringsdrivande å ha?
e) Kva er yrkesskadeforsikring, og kva dekkjer ho?

## Oppgåve 3 – Miljøomsyn og forureining

Tenk gjennom ulike vanlege gjeremål som finn stad på eit gardsbruk gjennom året, frå januar til desember. Det kan vere aktivitetar innan både jord - og skogbruk, der nokre av aktivitetane er årstidsavhengige, medan andre går føre seg året igjennom. Ta gjerne for deg ein gard du kjenner godt.

a) Lag ei oversikt over kva for gjeremål som kan representere ein forureiningsfare.

b) Er det knytt større fare for forureining med nokon jordbruksproduksjonar enn andre? Gje grunn for svaret.

c) Gjer greie for tre offentlege verkemiddel som har som formål å redusere eller hindre forureining frå landbruket.

d) Forklar kva KSL går ut på, og korleis KSL er med på å vareta miljøomsyn på eit gardsbruk.

## Oppgåve 4 – Utvikling av ny næring

Ta utgangspunkt i ein landbrukseigedom med følgjande ressursgrunnlag og føresetnadar:

- Areal:
  - Fulldyrka jord: 200 dekar
  - Overflatedyrka jord: 50 dekar
  - Tidlegare beite som er attgrodd: 20 dekar
  - Produktiv skog: 650 dekar, kor 40 dekar er dyrkbart og grenser til eit av jorda på eigedommen
- Bygningar:
  - Våningshus, der Ola (35 år) og Kari (34 år) og tvillingane deira, Lise og Morten på 6 år, bur
  - Kårbygning, der foreldra til Kari bur. Begge er 65 år.
  - Stabbur, som vert brukt til lager i dag
  - Gammal låve frå 1950, lager for maskiner og reiskapar.
  - Driftsbygning frå 1990 for 20 mjølkekyr. Båsfjøs.
- Om personane på garden:
  - Kari er utdanna førskulelærar. Ho jobbar for tida i 100 % stilling i ein kommunal barnehage. Ola er utdanna bygningsingeniør, og jobber 50 % i kommunen som saksbehandlar i tillegg til å drive garden.
  - Kari sine foreldre er foreløpig spreke og hjelper til.

a) Kva for næringar eller produksjonar ser du for deg å kunne utvikle på denne eigedommen, og kva for faktorar vil du vurdere som viktige dersom du skal utvikle ei heilt ny næring (bygdenæring/tilleggsnæring) på denne landbrukseigedommen?
b) Beskriv fasane i ideutviklingsfasen.
c) Gjer greie for hensikta med ein forretningsplan, og kva han inneheld.

## Oppgåve 5 – Landbrukssamvirke

a) Kva fordelar og ulemper inneber det å vere medlem av eit samvirke?
b) Kva for hovudgrupper av landbrukssamvirke har vi? Nemn eitt eksempel på ein samvirkeorganisasjon innan kvar av gruppene.
c) Vel ut eit landbrukssamvirke, og gjer greie for korleis samvirkeprinsippa kjem til uttrykk i dette landbrukssamvirket.
d) Korleis vil du seie at samvirketanken står i dag? Gje grunn for svaret.

# Bokmål

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timer. |
| **Hjelpemidler** | Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre. |
| **Bruk av kilder** | Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.<br><br>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Informasjon om vurderingen** | Hver eksamensprestasjon blir vurdert for seg.<br>Det blir lagt vekt på i hvilken grad du har nådd målene i læreplanen, og hvordan du anvender faglige kunnskaper og ferdigheter.<br><br>Dette betyr at det blir lagt vekt på at du:<br>- trekker inn kunnskap du har tilegnet deg i faget<br>- bruker sentrale begreper i faget<br>- unngår ren reproduksjon av kunnskaper<br>- unngår ren avskrift fra kilder<br>- presiserer hva som ligger i begrepene der du finner det nødvendig<br>- trekker linjer og ser sammenhenger<br>- forholder deg kritisk til stoffet og gjør rimelige avgrensninger<br>- drøfter eller vurderer de forskjellige momentene du trekker inn i besvarelsen<br>- har bredde og perspektiv over besvarelsen din er ryddig og strukturert, så det er lett å følge resonnementene dine<br><br>Kjennetegn for lav kompetanse: reprodusere og gjenta<br>Kjennetegn for god kompetanse: forstå, forklare og bruke<br>Kjennetegn for meget god kompetanse: vurdere og evaluere |

## Oppgave 1 - Økonomiske begreper

a) Hva menes med begrepet variable kostnader?
b) Hva menes med begrepet faste kostnader?
c) Hva er forskjellen på en inntekt og en innbetaling?
d) Hva menes med begrepet produktivitet?
e) Hva menes med begrepet likviditet?
f) Hva er dekningsbidrag?
g) Hva menes med regnskap, hva brukes det til og hvorfor er det det viktig å føre et nøyaktig regnskap?

## Oppgave 2 – Forsikringer i landbruket

Maskinparken på en gard består av: 2016 modell traktor m/frontlaster, 2009 modell traktor m/frontlaster, 2003 modell traktor m/fronthydraulikk, 1972 modell traktor og 2012 modell skurtresker.

a) Ta for deg hver enkelt av disse, og gjør en vurdering. Hva slags forsikringer må du ha, og hvilke forsikringer er aktuelle i tillegg?
b) For øvrig er det redskaper, varelager og fastmontert inventar i driftsbygningene på garden. Hva slags forsikring dekker disse verdiene?
c) Forklar hva avbruddsforsikringen dekker og hvorfor den er viktig.
d) Hvilke personlige forsikringer er det viktig for bonden å ha som selvstendig næringsdrivende?
e) Hva er yrkesskadeforsikring og hva dekker den?

## Oppgave 3 – Miljøhensyn og forurensning

Tenk gjennom ulike vanlige gjøremål som finner sted på et gardsbruk gjennom året, fra januar til desember. Det kan være aktiviteter innen både jord - og skogbruk, der noen av aktivitetene er årstidsavhengig, mens andre pågår året igjennom. Ta gjerne for deg en gard du kjenner godt.

a) Lag en oversikt over hvilke gjøremål som kan representere en forurensningsfare.

b) Er det forbundet større fare for forurensning med noen jordbruksproduksjoner enn andre? Begrunn svaret.

c) Gjør rede for tre offentlige virkemidler som har som formål å redusere eller hindre forurensning fra landbruket.

d) Forklar hva KSL går ut på, og hvordan KSL er med på å ivareta miljøhensyn på et gardsbruk.

## Oppgave 4 – Utvikling av ny næring

Ta utgangspunkt i en landbrukseiendom med følgende ressursgrunnlag og forutsetninger:

- Areal:
  - Fulldyrket jord: 200 dekar
  - Overflatedyrket jord: 50 dekar
  - Tidligere beite som er gjengrodd: 20 dekar
  - Produktiv skog: 650 dekar hvorav 40 dekar er dyrkbart og grenser til et av jordene på eiendommen
- Bygninger:
  - Våningshus, som er bebodd av Ola (35 år) og Kari (34 år) og deres tvillinger, Lise og Morten på 6 år
  - Kårbygning, som er bebodd av Karis foreldre. Begge er 65 år.
  - Stabbur, som brukes til lager i dag
  - Gammel låve fra 1950, lager for maskiner og redskaper.
  - Driftsbygning fra 1990 for 20 melkekyr. Båsfjøs.
- Om personene på garden:
  - Kari er utdannet førskolelærer og jobber for tiden i 100 % stilling i en kommunal barnehage. Ola er utdannet bygningsingeniør og jobber 50 % i kommunen som saksbehandler i tillegg til å drive garden.
  - Karis foreldre er foreløpig spreke og hjelper til.

a) Hvilke næringer eller produksjoner ser du for deg å kunne utvikle på denne eiendommen, og hvilke faktorer vil du vurdere som viktige dersom du skal utvikle en helt ny næring (bygdenæring/tilleggsnæring) på denne landbrukseiendommen?

b) Beskriv fasene i ideutviklingsfasen.

c) Gjør rede for hensikten med en forretningsplan, og hva den inneholder.

## Oppgave 5 – Landbrukssamvirke

a) Hvilke fordeler og ulemper innebærer det å være medlem av et samvirke?

b) Hvilke hovedgrupper av landbrukssamvirke har vi? Nevn ett eksempel på en samvirkeorganisasjon innen hver av gruppene.

c) Velg ut et landbrukssamvirke, og gjør rede for hvordan samvirkeprinsippene kommer til uttrykk i dette landbrukssamvirket.

d) Hvordan vil du si at samvirketanken står i dag? Begrunn svaret.

www.vigoiks.no/eksamen

vigo
Interkommunalt selskap